

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.11.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 32/21. Jakttid for hjort i Nordheimsdalen i samband med sal av dagskort

Saksopplysning/vurdering:

Det vart i 2020/21 lyst ut dagskort for jakt i Nordheimsdalen frå 1. november til utgangen av januar. For jakt i januar vart det sett eit vilkår om at det berre kunne skytast kalv. Det var ingen interesse for å jakta i januar – kanskje delvis ei følgje av dette vilkåret. I tillegg kjem sjølv sagt at det for mange er lite attraktivt å jakta på ei årstid med korte dagar og låge temperaturar.

Eg meiner fjellstyret, trass i lita interesse i fjor, bør tilby jaktkort for hjort ut januar dette jaktåret òg. Kanskje bør det gjerast ein vri på kva dyr ein skal kunna fella i januar. Då fjellstyret i sak 33/19 – Høyring på utvida jakttid for hjort og elg i kommunane rundt Nordfjella - vedtok uttalen si, fekk denne følgjande ordlyd: *Jaktstart bør vera som i dag, 1. september, grunngjeve med at mange kalvar er fødte i første halvdel av juni og berre er vèl 2 månader ved jaktstart 15. august, og såleis altfor små til å jaktast på. Uheldig dersom koller vert skotne frå kalvane på denne tida. Jakt i januar kan akseptast, men då berre på bukkar og kalvar, som er dei dyra som er mest utsette for å stryka med gjennom vinteren. Ikkje jakt på koller i januar.*

Fjellstyret godtok altså jakt på bukkar og kalvar ut januar i den uttalen som vart send. I driftsplanen for Aurland bestandsplanområde er det ei målsetjing å fella 60% kalvar og ungdyr. Sidan det gjerne vert felt i meste laget med vaksen bukk i Nordheimsdalen (2020: 7 v. bukkar av 9 felte dyr, til no i 2021: 5 v. bukkar av 14), kan det vera ein idè å tillata felling av spissbukk (1,5 år) i januar, i tillegg til kalv, men ikkje vaksen bukk.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vil tilby dagskort for hjortejakt i Nordheimsdalen ut januar månad. Det skal berre kunna fellast kalv og spissbukk (1,5 år) i valdet i januar.

Fjellstyrekontoret, den 10.11.21

Harald Skjerdal